



# KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7

Oktober 1975

29. årg

## HERREN KJENNER SINE

Guds faste grunnvold står: Herren kjenner sine, I medgang som i motgangs år, Herren kjenner sine. Å er det ikke trygt og godt, denne visshet har vi fått: Mitt i verdens larm og møye, Herren kjenner sine?

Å, hør det kjære Jesu venn: Guds kjærlighet omslutter den som korsets vei vil vandre. Han kjenner deg og dine kår, og vet når du i kampen står. Han ser din lidelse og nød, i tunge savn, i sorg og død.

Han kjenner deg så godt ved navn, og vet så nøye hvor du bor. Ja, om du er hans minste venn, så er han like glad i den. Og føler du deg ofte glemmt, av dine kjære venner, Han glemmer aldri barnet sitt, men englebud deg sender.

Guds faste grunnvold har du der, i Ordets kildeveld, det står om allting ramler her, langt fastere enn fjell. Det er så godt å hvile i Guds rike løftesord, Du bor i klippen trygg og fri, når du på ordet tror.

Så la oss åpne hjertet helt, for ordets himmelbrød, og ta imot dets store kraft, til hjelp i all vår nød. Da ser vi bort i skyen mørk en regnbustråle stå, som vidner om Guds løftesord: Det er å stole på!

*Gerda Rasmussen*

## Biskop Lønning om Jehovas Vitner

Ikkje sjeldan vert eg spurt: Kvifor har kyrkja så mykje imot Jehovas Vitner? Ho kan gjeva handa til metodistar, baptistar, pinseverer og katolikkar, — kvifor ikkje samarbeid med Jehovas Vitner som kristne brør? Her er sju grunnar, skriv biskop Per Lønning.

1. J. V. ynskjer sjølv å bryta ned den kristne kyrkja. Rørsla trur at ho og berre ho, — sit inne med den fulle sanninga og skuldar dei kristne kyrkjene — frå Roma på den eine kanten og til Filadelfia på hi sida, for falskneri. Inkje kyrkjesamfunn har ei slik fiendleg haldning til dei andre.
2. J. V. seier nei til den sams Kristustru og vedkjenning til Gud som eit ufatteleg under (trieiningslæra) som alle kristne kyrkje står saman om. På primitiv vis vil J. V. forklære mysteriet gjennom firkanta logikk.
3. J. V. lærer at Gud for å verta til-

Hausvik og Faugstad  $\frac{1}{3}$

Vaksdal

Telefon 3603.

Dale Fabrikkutsal

5280 Dalekvam  
Telefon Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

bede rett, må nemnast med navnet Jehova (eigenleg ei feillesing av det gamle jødiske gudsnamnet Jahve). Det nye testamente kjenner ikkje noko slikt gudsnamn, og Jesus brukar det ikkje. Det gudsnamnet Jesus lærde oss å bruka er: Far.

4. J. V. er oppteke av all slag «spanande» trekk i Bibelen som ikkje har å gjera med vår frelsa, ikkje minst rekneestykker om dei siste tider. Slik vert hugen vendt burt frå hovudsaka: Kristi kross, og ein vert oppteken med ting som ein trur skal koma (dersom slike rekneestykker hadde vore meir enn fri fantasi) istaden for å vera oppteken av Han som skal koma.

5. J. V. ser på Bibelen som ei samling guddomelege orakler der alt — utan omsyn til samanheng, har same autoritet, og ein difor kan plukka sanningar der det passar og så gløyme å sjå dei einskilte ting ut frå hovudsaka: Han som sjølv er «Ordet» (Johs. 1,1).

6. J. V. gjer krav på å driva «forskning» i Bibelen og søkjer gjerne å imponera gjennom lausrivne sitat frå ulike forfattarar. Sjølvsiikkert set dei seg ut over dei mest einfelde reglar for sitatbruk og historisk studium. Mellom teologiske forskarar finst det snaut ein einaste som tek «Vakttårnet» sine «bibelstudentar» ålvorleg. Men einfelte menneske vert imellom lurt av denne «lærdom» å sjå til.

7. J. V. gjennomfører ein jarnhard disiplin andsynes lemene sine med omsyn til indoktrinering og krav om propagandainnsats. Med eit totalitært grunndrag slettar rørsla ut einskildmenneske sin individualitet og alar opp dresserte etterplaprarar. Men der Guds Ande er, der er det fridom (2 Kor. 3, 1-17).

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Lars Bjørsvik, 5280 Dalekvam  
Medarbeidarar: Magne O. Steinnes, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.  
Kasserar Ragnar Trohjel, 5297 Gammersvik.  
Postgiro nr. 723 47. Bankgiro nr. 103385/123.  
Utgevar: Sokneråda i Vaksdal.  
Bladpengar kr. 10,— for året.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri,  
5601 Norheimsund — tfn. 8.

## DET ER HAUST

Det er haust, og sumaren er faren or landet. Vinteren står for døra. Den hektiske farten på alle vegar er stilna noko. Folk er ferdige med ferien, og kome meir til ro att. Kvikksølvet i gradestokken kryp ikkje lenger so høgt. Dei første haglelingane har alt vitja oss, og nysnøen har prøvt å leggja seg på fjelltoppane. Men det var litt for tidleg, han må endå venta litt.

Skog og vokstrar fylgjer med tida. Gran og fure er heller stabile soleis. Dei står i same kåpa vinter som sumar. Men lauvskogen er vidunderleg skiftande der han står i bratte lier og syner fram sitt fagre bilete i den rikaste fargeprakt. Det er som han — før han går inn i vintersvevnen — vil gjera sitt aller yttarste for å gleda den som har eit ope auga for natura.

— Arbeidet ute på jordene stilnar etter kvart. Sola må venda, og ta til å stiga att, før det kan bli travelt ute på jordene.

— Men hausten og vinteren er ofte den beste arbeidstida for kristeleg verksemd, i kyrkje og bedehus. Gudstenester i kyrkjene går sin gang. Foreiningar av mange slag tek oppatt sine regelmessige møter i privatheimar. Utsendingar frå ymse organisa-

sjons-greiner vitjar bygdene, samlar sine folk, og talar Guds ord. Arbeidet kjem i gang att med ny styrke etter sumarmånadene.

— Eit ynskje for denne haust og vinter?

Ja, mange ynskje. Her er nokre av dei:

At mange må nytta høvet til å høyra Guds bodskap til del, no denne haust og vinter.

At mange fleire truande meir må nytta høvet til å vera saman med andre truande so dei kan få styrke i samfundet med dei hellage.

At dei som gjerne vil vera anonyme truande, må få mot til å stiga fram og vedkjenna si tru og ikkje lenger skamma seg ved Evangeliet, det som er ei Guds kraft til frelse for alle som trur.

At mange fleire unge, som står rotlause og spyrjande framfor livet, må få møta Den gode Hyrding som so gjerne vil leida dei gjennom ei fårefull verd. Og sist, men ikkje minst:

At fleire av dei som har bil, og har foreldre eller andre som gjerne ville gå til kyrkje, men ikkje maktar det lenger — ville gleda slike ved å seia til dei: «Vil du til kyrkje idag? Eg kan godt køyra deg.» Du anar ikkje kor du ville gleda desse om du gjorde det! Eit dikt av Arnulf Øverland uttrykkjer dette so vakkert:

*«Det er en lykke i livet  
som ikke kan vendes til lede,  
— Det at du gleder en annen  
det er den eneste glede.*

*Det er en sorg i livet  
som ingen tårer kan lette,  
— Det at det var for sent  
da du skjønnte dette.*

Lars Bjørsvik.

## «Gospel Night»

Laurdag 1. november, har det kjende «Ten-sing» koret frå Biskopshavn lova å vitja Vaksdal. Dei vil då stå for ein Gospel-Night» i Kyrkja, og me vonar på ei breid samling av unge frå heile kommunen. Søndag vert dei med på gudstenesta.

«Gospel Night» høyrest for mange kanskje noko framant ut, men det er det gamle evangeliet står i sentrum i song og vitnemål frå unge til unge.

Me vil med det same nemna eit felles ungdomsarrangement mellom Samnanger og Vaksdal i det nye grendahuset i Nordvik i Samnanger, laurdag 8. november.

Ungdomskora i Samnanger og i Vaksdal vert med, og me vonar på breid samling ogso der.

## Flyktende stunder

De to Emmaus-vandrerne var kommet til reisesens mål. Det lakkot mot kveld, og derfor inviterte de sin ukjente, noe forunderlige venn å komme inn med dem.

Denne tok imot inbydelsen, etter tilsynelatende å ville gå vidare. Da hendte det ved bordet — at de gjenkjente sin avdøde venn. — Men bare en flyktende stund — så var han vekk, når alt lå til rette for en verdifull samtale, merkelig, — eller var det ikke —?

Tabor er ikke noe blivende sted på denne siden av graven. Dere vet Peter fikk slik lyst til å bygge der oppe, og han var så storsinnet og varm-hjertet at han tenkte på flere enn seg

selv. Vi faller bare så sørgelig sammen når Tabor kommer på avstand.

Men den flyktende stund i Emmaus ga allikevel disse to vennene et levende budskap å gå tilbake til Jerusalem med.

Sannelig: «Du er en Gud som skjuler seg», sier Esaja 45:15. Jobs bok ser det fra en annen synsvinkel. «Også når du ikke ser ham, ser han deg og din sak». Ja slik er han, vår Herre og Frelser. Samtidig som han har det store overblikk, har han en usigelig omsorg for den enkelte.

I Johs. 21:1 står det slik: «Siden åpenbarte Jesus seg for disiplene, og han åpenbarte seg på denne måte».

Ja han har utallige måter å åpenbare seg på, slik det passer inn i din og min situasjon.

Johanne B. Helle

## Klipp frå eit brev

«Det var møter der då eg var der, og det var festleg å sjå kor mykje folk som samlast. Der er eit godt menighetssliv, mange unge truande ektepar, og helst barnerike familiar.

Det var so gildt å sjå at der sat gjerne 4-5 born saman med foreldra på møta.»

— Ja, det er gildt når ein får sjå noko slikt, og det lovar godt for framtida for ei slik bygd. —

## Basar

Sverre Hernes, og Jan Erik Bernes har halde basar for «REDD BARNA». Dei fekk inn kr. 77,60 som er sende for å hjelpa dei mange born som svelt i verda i dag. Takk for hjelpa!

## Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

## A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer

Frukt og grønnsaker

## Tilhøyrar og tilhengjar

Desse to orda skil menneske i to grupper. Om me tenkjer oss eit politisk parti som har møte — ope for alle, så vil me i forsamlinga finna både tilhøyrarar og tilhengjarar.

Dei første er kome for å høyra, men dei kan vera langt borte frå å vera tilhengjarar. Men det er ogso mogleg at dei kan vinnast for partiet, so dei vert tilhengjarar. Tilhengjarane er ogso kome for å høyra, men og for å få stadfesta sin oppfatning, og for å fylgja med i partiet sitt arbeid.

I ei forsamling som høyrer Guds ord, har me oftast både tilhøyrarar og tilhengjarar av Jesus.

Me veit at Maria sette seg ved Jesu føter for å høyra på ordi hans. Ho høyrde på ein slik måte at det er klårt at ho var ein tilhengjar av Jesus. Jesus sa at ho hadde valt den gode luten som ikkje skulle takast frå henne.

Når me har aksjonsveka, måtte me då alle vera som Maria. Det vil seia, høyra Guds ord på ein slik måte at me vart tilhengjarar av Jesus. Då har

me valt den gode luten som ikkje skal takast frå oss. — Guds ord fortel oss om Guds vilje: «Ikkje alle som seier til meg: Herre, Herre, skal koma inn i Guds rike, men dei som gjer det Far min i himmelen vil.» Matt 7:21. Og i Matt. 12:50 seier han: «For den som gjer det Far min i himmelen vil, han er bror min, syster mi, og mor mi».

Lat oss høyra Guds ord på ein slik måte at me vert tilhengjarar av den Herre Jesus, og med den innstilling at me vil gjera Guds vilje.

Då har me i sanning valt den gode luten som ikkje skal takast frå oss.

Håkon Helle.

## «Det skulle eg gjerne ha snakka med nokon om..»

Det syner seg at det er mange menneske som går rundt og spekulerar over spørsmålet som har med kristen tru og liv å gjera. Då Fjernsynet i mars månad sende eit program som ba folk om å senda inn slike spørsmål til ein programserie dei hadde planar om, kom det inn nær på 500 spørsmål.

Nå i haust skal nokre menneske ta for seg desse spørsmåla og frelste gje svar. (Lektor Siggen Myhre, konsulent i IKO og med Unge Hjem-arbeidet som hoved-oppgåve, og den nye generalsekretæren i Student- og Skoleungdomslaget, Anfin Skaahelm, blir å sjå på skjermen. I tillegg kommer det og nokre gjeste-svarar.)

Dette er datoane du skal sjå etter, om du er interessert i slike spørsmål: Torsdag 23. okt.: Kva veit vi om Gud? Torsd. 6. nov.: Jesus - kven og kvifor? Torsd. 20. nov.: Korleis skal vi leva?

**Arth. og Arne Vaksdal  
HANDEL**

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161  
Stanghelle — Vaksdal — Dale

**DALE BILSERVICE**

**Johannes A. Lid & Co**  
Tlf. 2193 — Dalekvam

Torsd. 4. des.: Den kristne framtidsvona.

Sendetida er kl. 18.30 til kl. 19.10.

Kyrkjerådet og Norsk Kristeleg Studieråd har laga noko rettleingsstoff for dei som vil vita meir om korleis ein går i gang med gruppesamvær. Anfinn Skaaheim har og laga ei pocket-bok som går litt djupare inn på spørsmåla.

Altså: Om det er noko du «gjerne skulle ha snakka med nokon om», så sjå opp for plakatar eller annonsar med denne tittelen:

«Det skulle eg gjerne ha snakka med nokon om.» Og snakk gjerne med nokon om det!

## Frå kyrkjebøkene

### DØYPTE:

#### DALE:

Gro Anita Johnsen, fødd 27. mai 1975, døypt 23. august.

Siri Milde Kvamme, f. 19. juni 1975, døypt 14. september.

Wenche Marianne Marx, f. 4. august 1975, døypt 20. september.

Jannicke Boge, f. 11. juli 1975, døypt 28. september.

Marianne Boge, f. 11. juli 1975, døypt 28. september.

Øystein Wollf, f. 9. april 1975, døypt 3. august.

Torgeir Sæterdal, f. 23. april 1975, døypt 3. august.

Thomas Hvidsten, f. 29. mars 1975, døypt 24. august.

### VAKSDAL:

Erik Nilsen, f. 10. juni 1975, døypt 3. august.

Jannicke Faugstad, f. 9. juli 1975, døypt 28. september.

### STAMNES:

Dagfinn Trohjell, f. 31. mai 1975, døypt 17. august.

Rune Steine Kvamme, f. 19. mai 1975, døypt 17. august.

### VIGDE:

#### DALE:

Ole Einar Boge og Bente Karin Kleveland, vigde 11. juli i Bergen.

Terje Hesjedal og Kitty Lovise Arsbog, vigde 18. juli i Bergen.

Jan Erling Sundheim og Bente Jorunn Hesjedal, vigde i Ytre Arna 9. august.

Sigmund Midttun og Berit Takvam, vigde 22. august.

Asbjørn Stallemo og Magda Pedersen, vigde 17. september.

### VAKSDAL:

Olav Moldekleiv og Oddveig Johanna Rødberg, vigde i Arne 2. august.

Dagfinn Olsen og Kristina Thomassen, vigde 20. september.

### STAMNES:

Yngvar Hjelm og Herdig Stamnes, vigde 13. september.

### EKSINGEDALEN:

Sigmund Olav Rykkje og Bjørg Flatakval, vigde 23. august.

Stig Vaular og Rigmor Nesheim, vigde 6. september.

### AVLIDNE:

#### DALE:

Inger Hop, fødd 8. okt. 1907, døyde 16. juli, gravlagd 22. juli.

Kristine Pettersen, fødd 1. juli 1893, døyde 18. juli 1975, gravlagd 24. juli.

Knut Hjertås, fødd 14. juni 1898, døyde 20. juli 1975, gravlagd 25. juli.

Andreas Blomdal, fødd 18. sept. 1907 døyde 16. aug. 1975, gravlagd 22. aug.

Martin Helle, fødd 7. januar 1906, døyde 24. sept. 1975, gravl. 1. oktbr.

### VAKSDAL:

Ole Johan Hansen, fødd 24. april 1897, døyde 13. juli 1975, gravlagd 19. juli.

Inge Stavenes fødd 12. jan. 1895, døyde 23. juli 1975, gravlagd 29. juli på Bruvik Kyrkjegard.

Theodor Jacobsen, fødd 6. juni 1895, døyde 26. sept. 1975, gravlagd 2. okt.

### STAMNES:

Olav O. Kvamme, fødd 5. sept 1917, døyde 4. sept. 1975, gravlagd 10. sept.

### EKSINGEDALEN:

Gudmund Høvik, fødd 21. juni 1886, døyde 10. aug. 1975, gravlagd 15. aug.

Kari Nygard, fødd 8. nov. 1898, døyde 9. sept. 1975, gravlagd 16. sept.

DET VAR EIN SOM SA TIL HAN,  
HERRE ER DET FÅ SOM VERT  
FRELSTE?

DA SA HAN TIL DEI:  
STREVA ALT DE KAN FOR Å  
KOMA INN GJENOM DEN TRON-  
GE DØRI.

Luk. 13:23-24

## Velkommen til Kyrkja

### Bots og Bededag, 26. oktober:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Santalmisjonen.

Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

### Helgemess-søndag, 2. november:

Vaksdal Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Bergsdalen Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Stennes. Nattverd.

Dale Kyrkje kl. 19.00. Vespargudsteneste. Res. kap. Steinnes, og organist Svanæs.

### 24. søndag etter Trieining, 9. november:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eidslandet Kapell. Sokneprest Bjørsvik. Nattverd.

Dale Kyrkje kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste. Res. kap. Steinnes m.fl. Kollekt. Nattverd.

### 25. søndag etter Trieining, 16. november:

Dale Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Nattverd.

Eksingsdalen Kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisjonen. Nattverd. Vaksdal Kyrkje kl. 18.00. Musikkandakt.

### 26. søndag etter Trieining, 23. november:

Stamnes Kyrkje kl. 11.00. Soknepr. Bjørsvik. Nesheim Kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Steinnes. Offer til Søndagsskulen. Nattverd.

Dale Kyrkje. Kyrjekonsert ved Harmonien i Bergen. Sjå annonse.



Dale Servicestasjon

THORE ROGNVED  
Tlf. 2189 Dalekvam

Bensin — Dekk — Rekvisita

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

*DALE, Tlf. 2421*      Frå      Til  
Måndag, Tysdag, Ons-  
dag og Fredag ..    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*VAKSDAL, Tlf. 3605*  
Tysdag og Fredag    8.30    15.00  
Torsdag .. . . . . 10.00    17.30

*STAMNES, Tlf. 3 a*  
Måndag    frå kl. 9.30 til kl. 14.30

**Bruvik Sparebank**

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag  
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening  
Dalekvam**

**TOMAS UTSKOTTS  
SKOFORRETNING  
Dalekvam**

**RADIOSPECIALEN** <sup>A/S</sup>

Tlf. 2240 DALEKVAM

**RADIO - TV**

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR  
SALMEBØKER- SANGBØKER

**EIDE & PETERSEN** <sup>A/S</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

**K. SEIM**

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

**BRUVIK HANDELSLAG**

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

**Stanghelle Handel  
STANGHELLE**

**Vaksdal koop. Handelslag**

**VAKSDAL**

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**